

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	fjernmøte
Dato:	17.02.2021
Tid:	09:00 - 15:24

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Terje Kollbotn	Medlem	R
June Vibecke Knudtsen Indrevik	Medlem	H
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Hilde Horpen	Medlem	SP
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Geir Kjell Andersland	Nestleiar	V
Sandra Edith Kalland Tenud	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP
Lise-May Sæle	Medlem	H
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjarte Vatnøy	Medlem	Frp

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Anita Garlid Johannessen	Bjarte Vatnøy	Frp

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering
Ronny Skar	seksjonssjef kunst- og kulturutvikling
Åge Avedal	seniorrådgjevar kunst- og kulturutvikling
Siri Ingvaldsen	seksjonssjef kulturformidling
Charlotte Espeland	seniorrådgjevar kulturformidling
Øyvind Høstaker	fagkoordinator kulturformidling
Sissel Lillebø Aarseth	fagkoordinator inkludering, strategi og analyse
Britt Karen Spjeld	seksjonssjef idrett og friluftsliv
Katarzyna Holmegård	spesialrådgjevar politisk sekretariat/ møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21 GK 4/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.01.2021	2020/47347	
	Referatsaker		
RS 11/21	Kulturkonferansen 2020 - evaluering	2020/42594	
RS 12/21	UKM fylkesfestival 2021 - digital løysing	2020/79144	
RS 13/21	Tilskudd til Kraftmuseets aktiviteter ved Tyssedal Kraftverk etter 2021	2020/79130	
RS 14/21	Informasjon om tilskot til Plan for friluftslivets ferdselsårer	2020/98	
RS 15/21	Melding om konkursopning, UngVest	2020/36264	
RS 16/21	Tilskot til regionale ungdomsparti 2020	2020/54915	
RS 17/21	Innspel til temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang kommune 2021-2025	2021/1306	
RS 18/21	Nasjonale kulturbygg - svar på søknader om investeringstilskot	2020/79595	
RS 19/21	Sentrale arbeidsfelt for kulturmiljøforvaltninga 2021	2020/79174	
RS 20/21	Oppstart av utgreiing kulturkort for ungdom i Vestland	2021/1637	
RS 21/21	Spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland	2020/60690	
RS 22/21	STI-konferanse 16.-17. mars i Drammen	2020/41070	
RS 23/21	Innspel på gjenåpning av kultursektoren etter kovid19	2021/3784	
	Skriftlege spørsmål		
SI 2/21	Spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei eldste trekyrkjene i Vestland - status for brannsikring	2021/675	
SI 3/21	Spørsmål frå Andersland (V) -kulturbyggeprosjekt	2021/675	
SI 4/21	Spørsmål frå Håland (AP) - Geografisk kriterie, regional verdi, i tilskuddsordnigar	2021/675	
	Politiske saker		
PS 14/21	Varsel om oppstart av planarbeid og vedtak om utlegging av utkast til planprogram - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 til offentlig ettersyn	2021/2427	
PS 15/21	Museumspolitikk i Vestland	2020/70846	
PS 16/21	Kulturelt utviklingsprogram KUP. Retningslinjer og programområde	2020/79159	
PS 17/21	Klage på avslag om tilskot 2020, UngVest	2020/36264	
PS 18/21	Innspel til internasjonal strategi for kulturpolitikken	2021/1314	
PS 19/21	Søknad om forlenga frist - tilskot til regionalt kulturbygg	2021/2185	
PS 20/21	Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år	2021/2200	
PS 21/21	Tilbakemelding på høringsnotat frå Kulturdepartementet med utkast til endringar i forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar.	2020/44954	
PS 22/21	Driftstilskott til nasjonale og regionale kulturminne i Vestland. Fordeling av tilskott for 2021	2020/36559	
PS 23/21	Utviklingsstipend i tradisjonshandverk i Vestland	2021/943	
PS 24/21	Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - handsaming av klage	2020/1734	
PS 25/21	Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland	2020/73796	
PS 26/21	Vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi	2020/70518	
PS 27/21	Vestland i historia og skulen - forprosjekt	2021/3941	
PS 28/21	Kunstgrasbaner - revidere tildelingkriterier i spelemiddelordninga	2021/675	

Godkjenningssaker

GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart godkjent utan merknader.

GK 4/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.01.2021

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 11/21 Kulturkonferansen 2020 - evaluering

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 12/21 UKM fylkesfestival 2021 - digital løysing

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 13/21 Tilskudd til Kraftmuseets aktiviteter ved Tyssedal Kraftverk etter 2021

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 14/21 Informasjon om tilskot til Plan for friluftslivets ferdselsårer

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 15/21 Melding om konkursopning, UngVest

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 16/21 Tilskot til regionale ungdomsparti 2020

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 17/21 Innspel til temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang kommune 2021-2025

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 18/21 Nasjonale kulturbygg - svar på søknader om investeringstilskot

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 19/21 Sentrale arbeidsfelt for kulturmiljøforvaltninga 2021

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 20/21 Oppstart av utgreiing kulturkort for ungdom i Vestland

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 21/21 Spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

Terje Kolbotn (R) sette fram følgjande merknad:

«Spørreundersøkinga viser at inkludering av etnisk/kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne er eit utfordrande område i frivillige organisasjonar. Eg føreset at administrasjonen legg stor vekt på å utforme forslag og krav for å rette dette opp i relevante planar, retningsliner for tilskot og løyvingssaker til frivillige organisasjonar.»

RS 22/21 STI-konferanse 16.-17. mars i Drammen

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

RS 23/21 Innspel på gjenåpning av kultursektoren etter kovid19

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 2/21 Spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei eldste trekyrkjene i Vestland - status for brannsikring

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Svar frå fylkesdirektør:

1. Det er Riksantikvaren som er kulturminnemynde for dei freda og verneverdige (listeførte) kyrkjene. Ansvar for bygningane ligg hos eigarane og kommunane. Vestland fylke har pr. i dag ingen budsjettpost til medfinansiering av brannsikring av kyrkjer. Ny kyrkjelov er under utarbeiding. Dersom fylkeskommunane får overført forvaltningsansvaret for kyrkjene, vil det vere naturleg at fylka óg får overført aktuelle statlege tilskotsordningar, slik regionalforvaltninga fekk i samband med oppgåveoverføringa knytt til regionreforma.

Riksantikvaren har i dag eigne tilskotsordningar for:

- brannsikring av stavkyrkjer
- brannsikring av mellomalderkyrkjer i stein
- klimasikring av freda og verneverdige kyrkjer
- istandsetting av freda og verneverdige kyrkjer

I 2020 delte Riksantikvaren ut 70 mill. til istandsetting av verneverdige kyrkjer. Av desse gjekk 21 mill. til utskifting av elektriske installasjonar. Tilskota skal dekke 60 % av kostnadane. Kommunane må også bidra økonomisk. Øvre grense for støtte er kr. 900 000. Følgjande kyrkjer i Vestland fekk støtte over ordninga:

Istandsetting:

BERGEN DOMKIRKE	Vestland	900000
HESTAD kapell	Vestland	100000
KORSKIRKEN Bergen	Vestland	900000
NYKIRKEN Bergen	Vestland	900000
UTVIK	Vestland	300000
VANGEN Aurland	Vestland	500 000

Særskilt til utskifting av el.anlegg:

Vilnes kyrkje	Vestland	205000
Nykirken i Bergen	Vestland	60 000
Korskirken, Bergen	Vestland	60 000

Bergen domkirke	Vestland	121800
Eid kyrkje, Kvinnherad	Vestland	270000
Kvinnherad kyrkje	Vestland	300000
St. Jørgen hospitalkirke	Vestland	254000
Granvin kyrkje	Vestland	300000
Kinsarvik kyrkje	Vestland	300000
Ullensvang kyrkje	Vestland	300000
Utvik kyrkje	Vestland	60 000
Kinn kyrkje, Flora	Vestland	300000
Eikefjord kyrkje	Vestland	150000
Ålhus kyrkje	Vestland	24 099

2. Kyrkjebygg blir ikkje støtta gjennom desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg. I Kulturdepartementet sine retningslinjer står følgjande om formålet med ordninga: «Tilskota skal bidra til egna lokale, bygningar og utearenaer som gjev rom for ulik kulturell verksemd. Tilskot kan gjevast til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur, som bibliotek, bygg for museum eller andre kulturverntiltak, scenekunstlokale, konsertsal eller formidlingslokale for biletkunst. Tilskot kan og gjevast til etablering av livssynsnøytrale seremonirom.»

3. Sjølv om det er staten som i dag sitt med forvaltningsansvaret for kyrkjene, meiner eg at dei gamle kyrkjebygga er ein viktig kulturminneressurs for Vestland. Då det framtidige forvaltningsansvaret for kyrkjene skal avklarast i samband med ny kyrkjelov, meiner eg at KULII kan ha nytte av å få meir innsikt i forvaltninga av desse verdiane. Eg vil difor be administrasjonen følgje opp saka i høve Bjørgvin bispedøme og invitera dei inn i eit komande utvalsmøte.

SI 3/21 Spørsmål frå Andersland (V) -kulturbyggeprosjekt

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Svar frå utvalsleiar:

I svaret til Andersland tar eg utgangspunkt i regionale kulturarenaer / kulturbygg som har søkt om støtte frå Vestland fylkeskommune i 2020. Søknader som har kome inn til Sogn og Fjordane eller Hordaland fylkeskommune tidlegare år, er ikkje tatt med i oversikta.

Det var tre regionale kulturbygg som søkte om støtte via tilskot til kulturbygg våren 2020. Denne ordninga er finansiert med spelemidlar, og støtta blir tildelt etter vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Her er dei tre prosjekta med oversyn over tildelt offentleg finansiering:

Søkjær / prosjekt	Totalt budsjett	Løyvd frå kommune	Løyvd frå fylkeskomm.	Løyvd frå stat
Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum, modernisering	24,2 mill.	1,5 mill.	0	8,65 mill. *
Førdehuset, søknad om tilskot til heis	1 207 500.	820 000	0	0
Sogndal kulturhus, nytt kulturareal	8 913 437	61 38 437	2 025 000**	0

* 6 mill. kr frå KUD, statlege kulturbygg (2020/21), 2 mill. kr frå KUD, gåveforsterkningsmidlar (stipulert), 650 000 kr frå Kulturrådet, sikringsmidlar.

** 750 000 kr løyvd i spelemidlar av Sogn og Fjordane fylkeskommune 2019 og tilsvarande i Vestland fylkeskommune i 2020. Restmidlane til prosjektet har fylkeskommunen plikt på seg til å løyve frå spelemidlane ved seinare tildelingsrundar.

Vestland fylkeskommune lyste hausten 2020 ut ei ny tilskotsordning til kulturarenaer med regionale funksjonar. Her er oversyn over dei åtte kulturarenaene som søkte på ordninga, saman med innvilga tilskot frå det offentlege:

Søkjær / prosjekt	Totalt budsjett	Løyvd frå kommunar	Løyvd frå fylkeskomm.	Løyvd frå stat
Sunnhordland museum, "Nye Sunnhordlandstunet"	61 414 977		5 886 000*	15,2 mill.**
Fartein Valen Musikk- og Kulturscene	2,8 mill.			140 000***
Kvam herad, Kulturhus i Kvam	101,1 mill.			
Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum, modernisering	24,2 mill.	1,5 mill.	0	8,65 mill. ****
Stiftinga Hardanger og Voss museum, Kulturnaustet, Hardanger fartøyvernsenter (del av «Tett på»)	58 834 311 (Kulturnaust) 100 mill. (Tett på)	7,1 mill. *****	5,2 mill *****	2 802 000 *****
Stiftinga musea i Sogn og Fjordane, Verne- og formidlingsbygg Holvikejekta	32 800 000	10 mill. *****		
Askøy brass band, Askøy kulturarena	24 mill.			
Moster amfi- og kyrkjehistoriske senter a/s	2 957 062	1,1 mill *****		

* Tildelt av Hordaland fylkeskommune, 4 mill. kr i 2014 og 1 886 000 kr i 2015 frå tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar

** Tildelt frå KUD, nasjonale kulturbygg: 5 mill. kr i 2020, 5,8 mill kr i 2021 og med lovnad om 4,4 mill. kr seinare budsjettår.

*** Prosjekteringsmidlar frå KUD, omdisponert frå tidlegare prosjekt.

**** 6 mill. kr frå KUD, statlege kulturbygg (2020/21), 2 mill. kr frå KUD, gåveforsterkningsmidlar (stipulert), 650 000 kr frå Kulturrådet, sikringsmidlar.

***** Tildelt 5 mill. i investeringsmidlar og 2,1 mill. i koronamidlar frå Kvam Herad til hovudprosjektet «Tett på» (Kulturnaustet er del av dette prosjektet).

***** Tildelt 700 000 kr av Hordaland fylkeskommune i 2018 frå tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar. I tillegg er det løyvd 3,5 mill. kr frå museumsløft via Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 og 1 mill. kr i kompensasjonsmidlar arbeidsgjevaravgift frå Hordaland fylkeskommune i 2016 til hovudprosjektet «Tett på».

***** Tildelt 500 000 kr frå KUD i gåveforsterkningsmidlar og 2 302 000 kr i investeringstilskot frå Riksantikvaren til hovudprosjektet «Tett på».

***** Gloppen kommune gjorde i 2019 vedtak om garanti til prosjektet på inntil 10 mill. kr, under føresetnad av godkjenning i Kulturdept.

***** Løyving frå Bømlo kommune på 1,1 mill. kr til oppgradering.

Utvalseiar ser at Vestland fylkeskommune har ei utfordring knytt til finansiering av kulturbygg, og spesielt dei større, regionale kulturarenaene. Listene ovanfor viser at det er store behov for investeringar.

Samtidig ser vi at den spelemiddelfinansierte desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg har lite midlar samanlikna med behova. Denne ordninga er dessutan avgjerande for at spelemidlar kan tildelast lokale og viktige kulturhus, til dømes lagseide kulturhus, der spelemidlar løyser ut stor dugnadsinnsats. Det er viktig at Vestland fylkeskommune medverkar til å oppretthalde tilskotet av spelemidlar også til denne delen av kulturlivet.

SI 4/21 Spørsmål frå Håland (AP) - Geografisk kriterie, regional verdi, i tilskuddsordningar

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Svar frå utvalseiar:

«I *Premiss: kultur. Regional kulturplan for Hordaland* er det utarbeida nokre gode betraktningar kring kommunalt og regionalt / fylkeskommunalt ansvar. Det er utdrag frå dette som vert brukt i retningslinene for fleire tilskotsordningar, m.a. i saka det vert vist til i spørsmålet - KULII PS 107/20: (Premiss: Kultur s. 17 - 20)

- Fylkeskommunen skal syte for at det finst organisatoriske og økonomiske verkemiddel som fremjar kvalitet, profesjonalitet, spesialisering, utjamning og samhandling på tvers av kommunegrensar og mellom forvaltingsnivåa.
- Det er kommunane som har ansvaret for førstelinja innan kultur- og idrettspolitikken. Å sikre eit mangfald av tilbod nært der folk bur og arbeider, er først og fremst kommunane si oppgåve. Fylkeskommunen skal ha oversynet og sikre at spesialiserte tilbod innan arena og aktivitetar skal vere tilgjengelege innan ein viss reiseavstand.

Ved tildelingar av fylkeskommunalt tilskot til kultur- og idrettsføremål er det krav om:

B Tydeleg grunngeving i regionale omsyn

Fylkeskommunen si regionale rolle er mellom anna nedfelt i kulturlova. Omsynet til det regionale er ein gjennomgåande premiss og føresetnad for tildelingar av tilskot til drift og tilskot, både direkte over budsjettet og innanfor etablerte tilskotsordningar. Det regionale ansvaret må avgrensast mot og harmoniserast med kommunane og staten sitt ansvar.

Fylkeskommunen skal til dømes ikkje tildele tilskot, berre med ei lokalpolitisk grunngeving. Dette vil vere eit kommunalt ansvar. Samstundes er det sterkt ønskeleg å medverke, i samarbeid med kommune, stat eller private på ein måte som samla sett gjev betre finansiering. Føresetnaden er at fylkeskommunen sitt bidrag speglar og tek hand om ei regional interesse og prioritering. Kva som elles ligg i omgrepet, vert vurdert nærare frå felt til felt og ofte konkret i samband med den einskilde tildelinga.

Det ligg to prinsipielle hovudkriterium til grunn:

1. Geografisk kriterium: geografisk nedslagsfelt og verkeområde.

Her er spørsmålet om den aktuelle verksemda omfattar fleire kommunar og/eller om tiltaket vert gjennomført eller har deltaking frå meir enn ein kommune. Eit døme kan vere tilskot til turneringar eller oppsettingar som vert gjennomført fleire stader i fylket. Som nemnt over, skal reint kommunale føremål takast hand om lokalt.

2. Funksjonskriterium: regional funksjon i kraft av oppdrag, storleik, fagleg tyngd, kvalitet og særpreg. Dette tek utgangspunkt i innhaldet i verksemda/tiltaket og kva verdi dette har lokalt, regionalt og i nokre tilfelle nasjonalt og internasjonalt. For større sentrale institusjonar følgjer det av verksemda sitt omfang, faglege tyngd og tyding for bebuarar i Hordaland at den har ein slik regional funksjon. Storleik og omfang treng ikkje vere avgjerande. Omsynet til fagleg

kvalitet og graden av nyskaping m.m. kan også ligge til grunn for at ein institusjon eller eit tiltak har ei regional rolle. Også der det gjeld særleg smale felt, kan ein institusjon eller eit tiltak ha ein regional funksjon i kraft av eksklusivitet og særlege kvalitetar.

Når det gjeld det frivillige kulturlivet er det i størst grad det geografiske kriteriet som tel, mens funksjonskriteriet kjem tydelegare inn når det gjeld profesjonell kunst og kultur. Pilotprosjekt kan og ha regional verdi fordi resultat og kompetanse kan ha overføringsverdi.

I fylkeskommunal samanheng bruker vi ofte omgrepet region og regional utan at det finst ei ålmenn, klår definisjon på kva dette er. Ulike fag- og ansvarsområde deler seg inn i ulike regionar. Når ein som fylkeskommune snakkar om regionar er den sikraste den negative definisjonen - at det gjeld meir enn ein kommune.

Ein kan - om ein vil - velje seg ein tydelegare definisjon på det geografiske regionskriteriet. Men når det gjeld funksjon er det noko meir vanskeleg, her krevst skjønsvurderingar i kvart enkelt tilfelle. Men uansett er vil det i praksis ofte vere naturleg å sjå desse to meir grunnleggande kriteria i samanheng.

Etter kommunereforma er fleire kommunar slått saman, og det kan vere nærliggande å argumentere for at desse framleis må vurderast som fleire kommunar. Det er likevel viktig å understreke at det er avgrensinga mellom det fylkeskommunale og det kommunale ansvaret som må vere avgjerande. Det er kommunestyret som må utvikle kulturpolitikk i sin kommune, retta mot det lokale kulturlivet.

Dersom folketalet skulle leggest til grunn, er det svært mange fleire tiltak i td Bergen kommune fylkeskommunen skulle hatt ansvar for (sjølv om ein ser bort frå at Bergen siden 1972 har bestått av tidlegare Bergen, Fana, Åsane og Arna). Når vi snakkar om regionalt omfang, tenkjer vi ofte fylkesfemnande eller femnande om større delar av fylket. Eit utgangspunkt kan til dømes vere minimum tre kommunar.

Kulturlova slår fast at kommunane har eit hovud- og førstelineansvar for kultur i sitt lokalmiljø. Dette gjeld særleg støtte til den jamne drifta av det frivillige kulturliv. Fylkeskommunane skal ikkje overta eller erstatte kommunane sitt lokale ansvar, men ha oversyn og sikre tilgjenge til spesialiserte kulturtilbod i regionen. Fylkeskommunen si *regionale utviklarrolle* skal liggje til grunn for tilskotsforvaltinga, og fylkeskommunen skal støtte kulturverksemder med regional eller nasjonal verdi. Det er kommunale prioriteringar som styrer den einskilde kommune sin kulturpolitikk, og fylkeskommunen bør ikkje gå inn å bøte på manglande kultursatsingar hjå kommunar. Like så mykje som å fokusere på omgrepet *regionalt* kan vi også fokusere meir på omgrepet *utviklingsaktør*. Det som vi prioriterer å støtte skal ha potensiale til å bidra til å utvikle kulturlivet i fylket.»

Lise-May Sæle (H) sette fram forslag om at skriftleg spørsmål SI 4/21 vart sett på sakslista som vedtakssak på neste møte.

Utvalet vedtok å setje spørsmålet på saksliste som vedtakssak på neste møte.

Politiske saker

PS 14/21 Varsel om oppstart av planarbeid og vedtak om utlegging av utkast til planprogram - Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035 til offentleg ettersyn

Forslag til innstilling:

1. Oppstart av arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 vert varsla etter pbl § 4.1. Vedtak er planlagt i oktober 2022, og planen vert gjeldande frå 2023 - 2035.
2. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 fram for offentleg ettersyn med høyringsperiode 03. mars - 20.april 2021. Høyringsfrist vert sett til 20.04.21.

3. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi innspel til:
 - val av plantema
 - problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - medverknad i planarbeidet
 - andre relevante innspel i planarbeidet
4. Deltaking og medverknad i planprosessen vert gjennomført som skildra i planprogrammet. Fylkesrådmannen har mynde til å arbeide vidare med å etablere styringsgruppe og arbeidsgrupper som skissert i planprogrammet.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Oppstart av arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 vert varsla etter pbl § 4.1. Vedtak er planlagt i oktober 2022, og planen vert gjeldande frå 2023 - 2035.
2. Vestland fylkeskommune legg utkast til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 - 2035 fram for offentlig ettersyn med høyringsperiode 03. mars - 20.april 2021. Høyringsfrist vert sett til 20.04.21.
3. Høyringsinstansane vert utfordra til å gi innspel til:
 - val av plantema
 - problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema
 - medverknad i planarbeidet
 - andre relevante innspel i planarbeidet
4. Deltaking og medverknad i planprosessen vert gjennomført som skildra i planprogrammet. Fylkesrådmannen har mynde til å arbeide vidare med å etablere styringsgruppe og arbeidsgrupper som skissert i planprogrammet.

PS 15/21 Museumspolitik i Vestland

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.
2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.
3. Fylkestinget vil harmonisere si regionale rolle slik at dei konsoliderte musea i Vestland vert handsama likt. Dette inneber å ha ein tenleg museumsstruktur i heile fylket, og at skilnadane i prosentvis finansiering mellom stat og fylkeskommune/kommune for dei ulike musea vert jamna ut. Større endringar vert å kome attende til etter at ny stortingsmelding om museum ligg føre og i samband med vidare planarbeid.
4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

5. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin, men meiner at musea sjølv må finne gode løysingar. Fylkestinget vil ikkje ta eigar- eller utbyggjaransvar for prosjektet, og oppmodar musea i Hordaland om å samarbeide om etableringa og søkje stat, fylkeskommune og kommunar om økonomisk støtte til realisering av tiltaket.
6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.
7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonsulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.
8. Fylkestinget ber administrasjonen om å vidareutvikle ein heilskapleg regional museumspolitik i samband med den regionale planlegginga.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 15.10.2020

June Indrevik (H) sette på vegne av H, A, MDG, Sp, SV, V fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei utgreiing av to alternativ til organisering av etablering av framtidig museumsmagasin, som skal følgje saka til fylkestinget:

1. Musea og eventuelt andre aktørar som byggherre og eigar av magasinet.
2. Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar av magasinet.

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kva konsekvensar alternativa har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.»

Avrøysting til utsetjing

Indrevik sitt utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Saka vert utsett. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ei utgreiing av to alternativ til organisering av etablering av framtidig museumsmagasin, som skal følgje saka til fylkestinget:

1. Musea og eventuelt andre aktørar som byggherre og eigar av magasinet.
2. Vestland fylkeskommune som byggherre og eigar av magasinet.

Utgreiinga skal ta utgangspunkt i kva konsekvensar alternativa har for prosjektstyring, økonomistyring og medverknad av aktørane.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett med same grunngjeving som utsetjingsvedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett med same grunngjeving som utsetjingsvedtaket i hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 25.11.2020

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag til utsetjing:

«Utsetjingsforslag:

Saka utsetjast til utvalsmøtet i januar eller februar 2021. Utvalsleiar og administrasjon tek initiativ til eit høyringsmøte med utvalets medlemmer og musea som er omfatta av saken for å få innspel frå aktørane før vedtak fattast».

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Nytt punkt i og 2 i innstillinga slik at innstillinga sitt punkt 2 blir punkt 3

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar.
2. I tett samarbeid med staten og kommunane vil fylkeskommunen arbeide for en berekraftig museum sektor i Vestland. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, og investeringar
3. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

Punkt 3 og 4 i innstillinga blir punkt 4 og 5

Forslag til nytt punkt 6:

6. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin, og ber administrasjonen om å fasilitere saman med musea prosessen for å finne gode løysingar. Fylkestinget oppmodar musea i Hordaland om å samarbeide om etableringa av fellesmagasin, og søkje stat, fylkeskommune og kommunar om økonomisk støtte til realisering av tiltaket når ein prosjektskisse føreligg.

Punkt 6, 7 og 8 i innstillingen bli då punkt 7,8 og 9»

Avrøysting

Andersland sitt forslag til utsetjing vart samrøystes vedteke.

Indrevik sitt forslag vart ikkje røysta over.

Fylkesdirektør for kultur, idrett og integrering sitt forslag vart ikkje røysta over.

Vedtak

Saka utsetjast til utvalsmøtet i januar eller februar 2021. Utvalsleiar og administrasjon tek initiativ til eit høyringsmøte med utvalets medlemmer og musea som er omfatta av saken for å få innspel frå aktørane før vedtak fattast

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.11.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.12.2020

Jon Askeland (Sp) sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting utsetjingsforslag

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Geir Kjell Andersland (V) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 3:

Fylkestinget ber administrasjonen om å vidareutvikle ein heilskapeleg regional museumspolitik. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan."

Geir Kjell Andersland trakk sitt forslag.

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

Alternativt punkt 5:

"Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l.), konsekvenser for prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet."

June Vibecke Knudtsen Indrevik (H) sette på vegner av H og U fram slike forslag:

«Alternativt punkt 3:

Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapeleg regional museumspolitik. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.»

«Tillegg punkt 9:

I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga, styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland.»

«Alternative punkt 1,2 og 3:

Følgande forslag til nytt punkt 1 og 2 i innstillingen, slik at innstillinga sitt punkt 2 blir punkt 3 - og dermed at det foreslåtte punkt 3 frå posisjonen dermed blir punkt 4

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar.
2. I tett samarbeid med staten og kommunane vil fylkeskommunen arbeide for en berekraftig museumssektor i Vestland. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift og investeringar.
3. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

Punkt 4,5,6 og 7 i innstillinga blir da punkt 5,6,7 og 8.»

Knut Inge Andersen (FNB) sette på vegner av FNB og U fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 5:

Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber musea innan utgangen av 2021 samarbeide om å leggje fram ulike alternativ for organisering av bygging og eigarskap av eit framtidig museumsmagasin. Dette kan til dømes vere: • Vestland fylkeskommune som hovudeigar og byggherre av magasinet. • Musea og eventuelt andre aktørar som hovudeigar og byggherre av magasinet. • Eventuell anna eigarform og/eller byggherremodell. Det må gjerast greie for økonomisk modell for dei ulike løysingane, inkludert prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet."

Terje Kolbotn (R) sette fram slikt forslag:

«Alternativt punkt 5:

Fylkestinget ser at musea i Hordaland har eit prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget vil ta eigar- og utbyggingsansvar for prosjektet i samarbeid med musea. Dette gjeld og arbeid med søknader til stat, kommunar og andre om økonomisk støtte til realisering av tiltaket.»

Avrøysting

Indrevik sitt forslag pkt. 1,2 og 3 fekk 5 røyster (U, FNB, H, PP) mot 10 røyster og fall.

Innstillinga pkt.1,2 vart vedteke med 13 røyster mot 2 røyster (U, H - Sæle).

Indrevik sitt forslag pkt. 3 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt. 3 fall mot 15 røyster .

Innstillinga pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Kollbotn sitt forslag pkt. 5 fekk 2 røyster (R, PP) og fall.

Andersen sitt forslag pkt. 5 fekk 3 røyster (U, FNB, PP) og fall.

Davies sitt forslag pkt. 5 vart vedteke mot 2 røyster (U, FNB)

Innstillinga pkt. 5 fall mot 15 røyster.

Innstillinga pkt. 6, 7 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt. 8 fall mot 15 røyster.

Indrevik sitt forslag pkt. 9 vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkestinget vil prioritere musea som viktige regionale kulturinstitusjonar. Ein legg til grunn at staten tek hovudansvaret for drift, investeringar og vidare utvikling av musea, og samtidig legg tydeleg vekt på politiske prioriteringar i fylkeskommunar og kommunar.
2. Fylkestinget er uroa for den økonomiske situasjonen i institusjonane, og krev at statleg skeivdeling mellom musea i Vestland og andre deler av landet vert retta opp.

3. Fylkestinget ber administrasjonen om å komme tilbake med framlegg til ein ny heilskapleg regional museumspolitikk. Dette må skje i samband med den komande stortingsmelding om museum og arbeidet med regional kulturplan.

4. Fylkestinget vil arbeide for å utvikle ein regional heilskap på museumsområdet, der ein ser ulike initiativ i samanheng på tvers av institusjonane, og der deling av ressursar og kompetanse vert lagt til grunn som hovudprinsipp.

5. Fylkestinget ser at museene i Hordaland har et prekært behov for nytt fellesmagasin. Fylkestinget ber fylkesrådmannen utrede alternativer for organisering av bygging og eierskap av et framtidig museumsmagasin. Det bes om utredning av følgende:

- Vestland fylkeskommune som eier og byggherre av magasinet.
- Museene og eventuelt andre aktører som eier og byggherre av magasinet.
- Eventuell annen eierform og/eller byggherremodell.

I utredningen må det gjøres rede for økonomiske konsekvenser av de forskjellige eierformene (herunder også eventuelle muligheter for momskompensasjon o.l), konsekvenser for prosjektstyring og økonomistyring, krav til kompetanse og andre spørsmål som måtte være relevante for prosjektet.

6. I samsvar med vedtekne regionale planar vil fylkestinget saman med stat og kommunar bidra til å styrkje Bevaringstenestene ved Museumssenteret i Hordaland og musea si samlingsforvaltning. Av omsyn til den samla ressursbruken vil fylkestinget rå til at ein samordnar alle slike initiativ i musea med Bevaringstenestene.

7. Fylkestinget tek arbeidet med utviding av bygningsvernkonulentordninga til vitande og legg til grunn at dette gjerast i samsvar med vedtekne regionale planar.

8. I lys av koronapandemien og usikkerheita det har medført og vil medføre framover for sektoren, vil fylkestinget oppmode om at musea framover fokuserer på å styrke den digitale formidlinga, styrking av fagkunnskap og korleis ein kan halde fram med å nå breiare ut til publikummet i heile Vestland

PS 16/21 Kulturelt utviklingsprogram KUP. Retningslinjer og programområde

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek retningslinjer og programområda for Kulturelt utviklingsprogram (KUP) slik dei vert omtala i saksframlegget.

PS 17/21 Klage på avslag om tilskot 2020, UngVest

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 169/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem / Rasmussen og

Broch ANS, vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda i Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser ikkje at det er kome inn nye opplysningar i saka som endrar grunnlaget for tidlegare vedtak.

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering held fast på vedtak i sak 169/2020, handsama 25. november 2020. Klagen frå UngVest, sett fram av advokat Gunnar A. Haahjem / Rasmussen og Broch ANS, vert ikkje tatt til følgje. Klagen vert sendt over til klagenemnda i Vestland fylkeskommune for endeleg vedtak.

PS 18/21 Innspel til internasjonal strategi for kulturpolitikken

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innspelet til arbeidet med internasjonal strategi for den nasjonale kulturpolitikken, slik det ligg føre i saka, og at det vert oversendt Kulturdepartementet som svar på deira førespurnad.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Terje Kolbotn(R) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Den internasjonale strategien for kulturpolitikk skal også leggje vekt på kulturelt samarbeid med land utanfor Europa.»

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Kolbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til innspelet til arbeidet med internasjonal strategi for den nasjonale kulturpolitikken, slik det ligg føre i saka, og at det vert oversendt Kulturdepartementet som svar på deira førespurnad.

Den internasjonale strategien for kulturpolitikk skal også leggje vekt på kulturelt samarbeid med land utanfor Europa

PS 19/21 Søknad om forlenga frist - tilskot til regionalt kulturbygg

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gir Hardanger og Voss museum utvida frist til 31.12.2022 for bruk av tildelte midlar i 2018 frå Hordaland fylkeskommune til tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering gir Hardanger og Voss museum utvida frist til 31.12.2022 for bruk av tildelte midlar i 2018 frå Hordaland fylkeskommune til tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar.

PS 20/21 Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser det som viktig å få på plass eit jubileum for Landslova 750 år i 2024 med fokus på demokratibygging gjennom lov og styringsverk, frå Kristenretten til Landslova.
2. Vestland fylkeskommune set i gong forprosjekt for Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år som skissert i saka.
3. Fylkesrådmannen oppnemner styringsgruppe for forprosjektet.
4. Fylkesutvalet ser det som naturleg at partnarane tek del med eigne administrative ressursar i forprosjektet.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser det som viktig å få på plass eit jubileum for Landslova 750 år i 2024 med fokus på demokratibygging gjennom lov og styringsverk, frå Kristenretten til Landslova.
2. Vestland fylkeskommune set i gong forprosjekt for Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år som skissert i saka.
3. Fylkesrådmannen oppnemner styringsgruppe for forprosjektet.
4. Fylkesutvalet ser det som naturleg at partnarane tek del med eigne administrative ressursar i forprosjektet.

PS 21/21 Tilbakemelding på høyringsnotat frå Kulturdepartementet med utkast til endringar i forskrift om insentivordning for film- og serieproduksjonar.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert oversendt Kulturdepartementet som fråsegn frå Vestland fylkeskommune.
2. Vestland fylkeskommune frykter at dei føreslegne endringane i § 6 vil gjere det vanskelegare for mindre og uavhengige filmprodusentar å nytte insentivordninga.
3. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet å legge fram oversyn over dialogen som har vore gjennomført med bransjen.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert oversendt Kulturdepartementet som fråsegn frå Vestland fylkeskommune.
2. Vestland fylkeskommune frykter at dei føreslegne endringane i § 6 vil gjere det vanskelegare for mindre og uavhengige filmprodusentar å nytte insentivordninga.
3. Vestland fylkeskommune ber Kulturdepartementet å legge fram oversyn over dialogen som har vore gjennomført med bransjen.

PS 22/21 Driftstilskott til nasjonale og regionale kulturminne i Vestland. Fordeling av tilskott for 2021

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr. 1 076 068 med følgjande fordeling:

	Namn på søkjar	Løyving (NOK)
1.	Nord- og Midhordland sogelag	35 000
2.	Bullahuset (Bullaeigendomen)	175 000
3.	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset Veiten 3	176 068
4.	Stiftelsen Fjeldberg prestegard	125 000
5.	Fortidsminneforeningen Hordaland	230 000
6.	Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane	75 000
7.	Norsk Jernbaneklubb	50 000
10.	Stiftinga Singerheimen	180 000
12.	Stiftinga Ormelid gard	30 000
	SUM	1 076 068

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

	Namn på søkjar	Grunngjeving
8.	Kaupanger hovedgård. Eigar: Nils Joachim Knagenhjelm	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
9.	Venelaget for bedehuset Fredheim	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
11.	Stiftelsen Munthehuset i ytre Kroken	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
13.	Stiftinga Otternes bygdetun	Stiftinga jobbar med modellar for framtidig drift av anlegget. Tildeling vil bli vurdert når det ligg føre konkrete avklaringar på dette
14	Vestlandske Grube Company as	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
15.	Stiftinga Wittgenstein i Skjolden	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
16.	Kulturkyrkja Onarheim	Tiltaket ligg på sida av føremålet med tilskotsordninga. Søknaden vert overført for vurdering under tilskotsordninga <i>Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv.</i>

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering løyver kr. 1 076 068 med følgjande fordeling:

	Namn på søkjar	Løyving (NOK)
1.	Nord- og Midhordland sogelag	35 000
2.	Bullahuset (Bullaeigendomen)	175 000
3.	Stiftelsen Espeland fangeleir og Gestapohuset Veiten 3	176 068
4.	Stiftelsen Fjeldberg prestegard	125 000
5.	Fortidsminneforeningen Hordaland	230 000

6.	Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane	75 000
7.	Norsk Jernbaneklubb	50 000
10.	Stiftinga Singerheimen	180 000
12.	Stiftinga Ormelid gard	30 000
	SUM	1 076 068

2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering avslår følgjande søknader:

	Namn på søkjar	Grunngjeving
8.	Kaupanger hovedgård. Eigar: Nils Joachim Knagenhjelm	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
9.	Venelaget for bedehuset Fredheim	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
11.	Stiftelsen Munthehuset i ytre Kroken	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
13.	Stiftinga Otternes bygdetun	Stiftinga jobbar med modellar for framtidig drift av anlegget. Tildeling vil bli vurdert når det ligg føre konkrete avklaringar på dette
14	Vestlandske Grube Company as	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
15.	Stiftinga Wittgenstein i Skjolden	Avgrensa midlar gjer at søknaden ikkje vert prioritert
16.	Kulturkyrkja Onarheim	Tiltaket ligg på sida av føremålet med tilskotsordninga. Søknaden vert overført for vurdering under tilskotsordninga <i>Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv.</i>

PS 23/21 Utviklingsstipend i tradisjonshandverk i Vestland

Forslag til vedtak

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser på utviklingsstipend i tradisjonshandverk som eit viktig verkemiddel i forvaltninga av den immaterielle kulturarven.
- Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering sluttar seg til den føreslegne innrettinga og kriteria for Vestland fylkeskommune sine utviklingsstipend i tradisjonshandverk.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ser på utviklingsstipend i tradisjonshandverk som eit viktig verkemiddel i forvaltinga av den immaterielle kulturarven.
2. Hovudutvalet for kultur, idrett og integrering sluttar seg til den føreslegne innrettinga og kriteria for Vestland fylkeskommune sine utviklingsstipend i tradisjonshandverk.

PS 24/21 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap - handsaming av klage

Forslag til vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fyljande prosjekt:

Søkjjar	Objekt	Tildeling
Jørgen Jørgensen	Møllersalen, hovudbygning	38 000

2. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fyljande prosjekt:

Søkjjar	Objekt	Tildeling
Jørgen Jørgensen	Møllersalen, hovudbygning	38 000

2. Tilskotet vert dekkja av ubrukte midlar til strakstiltak. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskotet.

PS 25/21 Etablering av klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Forslag til innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 17.02.2021

Avrøysting

Vedtak

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga fyrste avsnitt som gjeld klima- og miljøpris for landbruket vart vedteke mot 3 røyster (FNB, Frp, PP).

Innstillinga fyrste avsnitt som gjeld kulturlandskapspris vart vedteke mot 1 røyst (Frp).

Innstillinga andre avsnitt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Det vert etablert klima- og miljøpris for landbruket i Vestland og kulturlandskapspris i Vestland.

Retningslinjene for prisane vert godkjent slik dei ligg føre i saksframstillinga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å gjere justeringar i retningslinjene ved behov, og fullmakt til å avklare den praktiske gjennomføringa i samband med desse prisane. Kvar prisvinnar vert tildelt kr. 30 000. Det vil seinare bli avklart korleis prispengane og andre kostnader knytt til prisane skal dekkast.

PS 26/21 Vidare deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjettamma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvningsnivå kulturformidling.

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Vestland fylkeskommune vidarefører deltaking i POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi.
2. Fylkeskommunen vidarefører partssamarbeidet i POLYFON med Helse Førde, USHT Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester Vestland (Sogn og Fjordane) og Kinn kommune.
3. Fylkeskommunen kartlegg interessa for deltaking i partssamarbeidet blant alle kommunane i fylket.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å underteikne konsortiumavtale med POLYFON på vegner av fylkeskommunen.
5. Deltakaravgift i POLYFON vert delt mellom partane i partssamarbeidet.
6. Fylkeskommunen sin del av deltakaravgifta vert dekt innanfor budsjetttramma til avdeling for kultur, idrett og inkludering, løyvningsnivå kulturformidling.

PS 27/21 Vestland i historia og skulen - forprosjekt

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til oppstart og deltaking i forprosjektet Vestland i historia og skulen.
2. Fylkesutvalet løyver NOK 300 000 frå Fylkesutvalet sin rådveldekonto til forprosjektet, leia av Høgskulen på Vestlandet.
3. Fylkesutvalet føreset å få forprosjektet til handsaming, der mål, innhald, aktørar, organisering og budsjett for eit eventuelt hovudprosjekt vert gjort greie for.
4. Eventuelt vidare finansieringsbehov i eit mogleg hovudprosjekt vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Saksprotokoll i Hovudutval for opplæring og kompetanse - 17.02.2021

Avrøysting

Vedtak

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Stian Jean Opedal Davies (A) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering tar saken til orientering.»

Avrøysting

Innstillinga fall mot 1 røyster.

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Hovudutval for kultur, idrett og integrering tek saka til orientering.

PS 28/21 Kunstgrasbaner – revidere tildelingkriterier i spelemiddelordninga

Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.02.2021

Knut Inge Andersen (FNB) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Utval for kultur, idrett og integrering viser til Tiltak 9 (Skape meir miljøvenlege kunstgrasbaner) i det vedtekte handlingsprogrammet i Anleggspolitikk og kriterier for spelemidlar . KULLII får ei politisk sak som syner både syner nå-situasjon med omsyn til miljø og økonomi og alternative, målretta tildelingskriterier for gras- grus- og kunstgrasbaner til utvalsmøte i august/september 2021. Utvalet vil ha målsetning om at eventuelle endringar i vil bli gjort gjeldande for tildelingsrunden i 2022.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Utval for kultur, idrett og integrering viser til Tiltak 9 (Skape meir miljøvenlege kunstgrasbaner) i det vedtekne handlingsprogrammet i Anleggspolitikk og kriterier for spelemidlar . KULII får ei politisk sak som syner både syner nå-situasjon med omsyn til miljø og økonomi og alternative, målretta tildelingskriterier for gras- grus- og kunstgrasbaner til utvalsmøte i august/september 2021. Utvalet vil ha målsetning om at eventuelle endringar i vil bli gjort gjeldande for tildelingsrunden i 2022.